

D/S Stord I til Rosendal fredag 9. Juli

01.07.2010



D/S Stord I i Rosendal juni 2009. (Foto: Harald Sætre)

"Stord I", eit kjent og kjært syn også for oss her i Uskedalen, vil visa seg fram i Rosendal fredag 9.juli. Den snart 100 år gamle tidlegare HSD-rutebåten nærmar seg ferdig restaurert og har mykje å visa publikum.Også folk frå vårt område har stått sentralt i restaureringsarbeidet.

Om ettermiddagen fredag 9. juli vil D/S Stord I leggja til ved Utrustningskaien til Skålafjæro AS. Båten vil bli openfor publikum og det vert høve til å sjå dampmaskina, brua og ikkje minst deittre nyrestaurerte 1. plass salongane: - spisesalongen på hovuddekket, damesalongen og herre røkesalongen i dekkshuset.

Postkontor, billettkontor og sjukelugaren m.m. er også ferdigrestaurert. D/S Stord I framstår etter kvart som eit komplett maritimt kulturminne som får dei eldre til å minnast den tida fjordabåtane tok dei med ut i den vide verda, og dei yngre til å undrast om farne tider.

Ut på kvelden vert det ope kveldsarrangement om bord under land ved Utrustningskaien. Det vert servering og den lokale kvartetten "Maco" spelar opp til dans på promenadedekket .

Laurdag morgen går "Stord I" til Våge, Tysnes, for å vera der under Tysnesfest.

Stiftelsen D/S Stord I eig og står førerestaurering og drift av " Stord I".

Styret i stiftelsen ønskjer alle interesserte velkommen om bord!

For Stiftelsen D/S Stord I

Harald Kvinge, styremedlem